

Protokoll fra møte i Utdanningsutvalet 10.12.2025

Stad: Museplass 1 «Styrerommet» kl. 9.00-12.00

I Innkalling og dagsorden

II Protokoll frå møtet 23. oktober 2025

Protokollen skal ettersendast med godkjenning på sirkulasjon, behov for revisjonar knytt til sak 39/25

III Orienteringar

Christen Soleim (SA) orienterte om høyringa av forslag til endring i UH-lova.

Leiar minna utdanningsutvalet om studiekvalitetsseminaret 12. desember, og at studiebarometeret vil bli ei sak innan kort tid.

Sak 41/25 Studentrekruttering 2026

Jørgen Thune Johnsen og Maren Bjotveit (begge KA) orienterte om tilnærminga og planane for rekrutteringsarbeidet i 2026. Dei orienterte om det overordna opplegget KA arbeidar etter, der ein sentralt har fokuset på kjennskap til og (godt) inntrykk av UiB.

Presentasjonen inneheldt delar om

- Kunnskapsgrunnlag
- Storleik i budsjett
- Skilnader i overordna budskap mellom UiB og andre aktørar
- At planen for 2026 legg opp til at UiB snakkar meir om seg sjølv enn tidlegare.

Utdanningsutvalet hadde spørsmål og merknader om mellom anna:

- At KA får mykje ut av eit relativt lågt budsjett for rekruttering
- At ordninga med studentambassadørar er svært verksamt, sjølv om innhaldet stundom verkar noko generisk.
- At rekrutteringsbehovet er ulikt mellom fakultet og studieprogram.
- At samhandlinga og samordninga mellom sentrale tiltak og tiltak fakulteta gjer kan bli betre.
- Samanhengen mellom rekruttering og særskilde opptakskrav.

Sak 42/25 Kandidatundersøkelsen og arbeidslivsrelevans

Prorektor innleidde kort om resultata frå kandidatundersøkinga, og viste til dei gode tala for kandidatar som er i jobb.

Utdanningsutvalet drøfta undersøkinga, med vekt på at:

- Det finst ein del fordommar om utsiktar for jobb som ikkje samsvarer med tala.
- Det er ein skilnad mellom profesjons- og disiplinfaga, og at dette er venta
- undersøkinga bør brukast aktivt mot noverande studentar, som er særskilt opptatte av arbeidslivsrelevans.
- Forståinga av «arbeidslivsrelevans» varierer blant studentar – for enkelte er det kontakt med privat næringsliv, for andre kontakt med aktørar som samsvarer med egne karriereplanar.
- Resultata indikerer ikkje eit behov for meir praksis i utdanninga, med merknad om at det nødvendigvis vil vere opplæring på arbeidsplassen.
- Praksis aukar ofte studiemotivasjonen.

Det blei informert om at studieavdelinga ville sende ut lenke til tala, og at det der skal vere mogleg å sjå tala på studieprogramnivå.

Sak 43/25 Evaluering av velkomstveka 2025 – og plan for 2026

Martin Kahrs Lie oppsummerte velkomstveka 2025, og presenterte planane for velkomstveka 2026 saman med Andrea Tungodden og Sayna Etminan (fadder- og mangfaldskoordinatorar). I presentasjonen var dei innom følgjande tema:

- Utgangspunkt i handlingsplan «Et helhetlig læringsmiljø», Studiestartundersøkelsene,
- Oversikt over studiestart 2025 (felles arrangement)
- Introduksjonsdagen
- Utvikle mangfalds- og inkluderingsperspektiv i opplæringa
- Rekruttere faddere med meir mangfaldig bakgrunn og interesser..

Tilbakemeldingane tydar på at deltakarane er svært nøgde med fellesarrangementa. Dei tydar dessutan på at studentane som har deltatt på arrangementa trivst best, og at dei i større grad enn andre har planar om å delta i linjeforeiningar, studentutval, osb.

Sak 44/25 Valg av løysning for digital eksamen ved UiB – løypemelding

Saka handla om framtidig val av digital eksamensløysing for UiB, i lys av rapporten frå ei test- og referansegruppe, som har testa høvesvis Inspira assessment og Wiseflow. Konklusjonen til test- og referansegruppa var at det på sikt kan vere grunnar til å gå for Wiseflow (som er Sikt sitt val av system), men at det ikkje er store skilnader mellom systema. Det er uansett ikkje kapasitet til å implementere eit nytt eksamenssystem no, mellom anna på grunn av innføring av nytt LMS-system.

Utdanningsutvalet stilte seg bak denne vurderinga. Utvalet understreka at eksamenssystemet må støtte fleire språkversjonar, og at Wiseflow for tida ikkje gjer det. Eit eventuelt skifte av system kan skje tidlegast ultimo 2027. Utvalet vil komme tilbake til denne saka seinare.

Sak 45/25 Prosess for ny digital læringsplattform (LMS)

Saka dreidde seg om opprettinga av eit fagleg-pedagogisk spor i innføringa av nytt LMS, som skal kartlegge moglegheiter i det nye LMS-et, vurdere funksjonalitet og sjå på moglegheitene for bruk av læringsanalyse. Det faglege sporet skal arbeide parallelt med eit teknisk- administrativt innføringsteam.

Innføringa av Canvas vil starte våren 2026, med to pilotfakultet, og der førtse oppgåve blir å migrere emner frå Mitt UiB til Canvas. Dei to pilotfakulteta vil ta systemet i fullskala bruk frå hausten 2026. Dei øvrige fakulteta vil, om alt går etter planen, ta systemet i bruk frå våren 2027.

Utdanningsutvalet stilte seg bak planen, med desse merknadene:

- Gamle emne kan vere viktige ressursar som må varetakast i nokon grad.
- LMS-et må svare ut tekniske spesifikasjonar som tekstkommentering.
- Det må vere god dialog mellom det fagleg-pedagogiske- og teknisk-administrative løpet. [tatt inn i vedtaket]

Utdanningsutvalet treffe dette vedtaket:

1. Utdanningsutvalet tar overordna plan for innføring av Canvas ved UiB til orientering.
2. Utvalget oppretter ei ressursgruppe for å gi fagleg-pedagogiske og læringsteknologiske rammer for innføringa.

3. Ressursgruppa blir gitt mandat i henhold til skildringa i saksforelegget, og skal i tillegg presentere konklusjonane sine for utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet. SA, ved læringslabben, skal vere sekretariat for ressursgruppa.
4. Prorektor for utdanning utpeiker medlemmene av ressursgruppa, innafor rollene som er skildra i mandatet.

Sak 46/25 Førsteårsstudenten

Prorektor presenterte satsinga på førsteårsstudenten, inkludert

- Statistikk om gjennomføring: Norge jamført med Europa, UiB jamført med UH-sektoren i Norge.
- Samanhengen mellom talet møtt, strykprosent og karakterfordeling, og
 - Aktiv læring
 - Vurderings-/eksamensform (særleg «high stakes» slutteksamen)
 - Kjensle av å høyre til («sense of belonging»)
- Innsatsfaktorar på institusjonsnivå
- Fokus på at kvalitetsutviklinga må skje i fagmiljøa og gjennom erfaringsdeling – med støtte frå mellom anna læringslabben.

Utdanningsutvalet var generelt støttande til tilnærminga som blei skissert i presentasjonen, og hadde mellom anna desse kommentarane:

- UiB må ha ei kritisk tilnærming til erfaringsdeling og pilotar, og særleg spørsmål om tiltak og pilotar lar seg skalere
- Målet må vere best mogleg utdanning, og fokuset på UiB-økonomien vil vere sekundært (men også viktig)
- At mappevurdering i nokre tilfelle kan vere problematisk på grunn av generativ KI – kva/kven er det som blir prøvd?
- At UPED må brukast aktivt i arbeidet
- Det er faglege team – erfaringsdeling og kultur – som utløyser utvikling.

Sak 49/25 Eventuelt

Utdanningsutvalet ønsker ei sak om arbeidet i CHARM-EU.